



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 4876a83a-7981-421e-92d9-
ba8fb8b5162d

Vår: 23/8247 - 23/85242

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

06.11.2023

Uttale søknad om oppføring av lagerbygg - Gbnr 239/112 Eknes ytre

Tiltak: Lagerbygg
Byggjestad: Gbnr: 239/112
Tiltakshavar: Guldbrandsøy Eiendommer As
Ansvarleg søker: Tippetue Arkitekter As

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon og rammeløyve til oppføring av to lagerbygg og natursteinsmur mot sjø på eigedomane Gbnr 239/61 og Gbnr 239/112. Lagerbygga er bygd saman i felles grense. Hallstein Guldbrandsøy eig begge eigedomane.

Uttale:

Ut i frå tilsendt dokumentasjon ser vi at det er tenkt etablert 2 stk. lagerbygg med areal med hen holds vis 35,8 m2 og 42,2 m2. Lagerbygga skal være over eit plan og er tenkt etablert i grense mot kommunal veggrunn.

I henhold til reguleringsplan er eigedom er sikra lovleg tilkomst via kommunal veg som går heilt ned til kaien. Av Statens vegvesen sitt kartsystem (NVDS og vegkart.no) ser vi at kommunal veg er registrert som privat veg. Da kommunen sitt kartsystem hentar vegdata frå vegvesenet sitt system, vil feil i kart verte overført til vårt system. Vi gjer merksam på at opplysningar som hentast ut i frå kartsystemet er ikkje rettsgyldige.

Kommunal veg ned til kaien har vore kommunal veg i fleire tiår. Kommunen har, fleire gonger, prøvd å få dette retta opp Statens vegvesen sin NVDB base.

Byggesak må ta stilling til om det i reguleringsplan er vist byggegrense mot kommunal veg, eller om det er behov for å innhente dispensasjon etter Veglova.

Vi gjer merksam på at dersom byggesak tillèt etablering av lagerbygg i eigedomsgrense mot kommunal veg, vil vegmynde ikkje tillate at dørene kan opnast ut over kommunal veggrunn. Dørene må svinge innover i bygga.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922



Vegmynde ser helst at ein ikkje nyttar kommunalt vegareal til vedlikehald av bygg. Drift i lagerbygga og vedlikehald av disse, skal ikkje være til hinder for bruk av eller vedlikehald av kommunal veg.

Kommunal veg er tilkomstveg til kai og omkringliggende eigedomar. Areal på sidan av asfaltert veg har funksjon som grøft for overvatn og snø areal. Areal langs veg skal også fungere som snu areal for køyretøy.

Vi ser at dersom det vert tillèt å etablere lagerbygg på Gbnr 239/61 og Gbnr 239/112 må ein rekne med at ein i «korte» periodar vi få av og på lessing av material/utstyr. Av og på lessing av material/ utstyr skal ikkje hindre drift og vedlikehald av kommunalt vegareal eller hindre allmenta i å bruke vegen.

Gbnr 239/61 og Gbnr 239/112 vil ikkje få rettighet til bruk av kommunalt vegareal utover det som er fastsett i Veglova med tilhøyrande regelverk.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG